

VEDTEKTER FOR GOL BARNEHAGE I GOL KOMMUNE FRÅ 2010

Endringar gjort i samsvar med vedtak i kommunestyre 15.12.09, sak 60/09.

1.EIGAR

Gol kommune er eigar av barnehagen og ansvarleg for drifta.

2. FORVALTNING

Barnehagane skal drivast i samsvar med "Lov om barnehagar med føresegner" og retningslinjer som departementet fastset. Likeins skal dei drivast i samsvar med kommunale vedtak og planar for barnehagen.

Utval for kultur og levkår har det politiske ansvaret for barnehagane i kommunen, og er godkjenningssmynde for nye barnehagar. Sekretariatet er lagt til Gol barnehage.

3. FORMÅL OG INNHOLD

Barnehagane skal gi barna gode sjansar til utvikling og aktivitet i nær forståing og samarbeid med barna sin heim. Barnehagen skal bygge på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon jf. §1 i barnehagelova.

Barnehagen er ein pedagogisk verksemd, og skal gi omsorg, oppdragelse og læring.

Barnehagen skal sikre at innhaldet i Rammeplanen blir ivareteke og sett inn i ei lokal ramme. Barnehagane er ein naturleg del av lokalsamfunnet, og lokalt språk og lokal kultur må få setje sitt preg på verksemda. Barnehagen utarbeidar årsplan for verksemda.

4. SAMARBEIDSUTVAL - FORELDRERÅD

I samsvar med barnehagelova § 4, skal barnehagen ha eit samarbeidsutval og kvart barnehagehus eit foreldreråd. Samarbeidsutvalet består av ein foreldreprerentant og ein personalrepresentant frå kvar avdeling (hus), og ein folkevald som representant frå eigar.

5. GODKJENNING (aldersgrense og arealnrm)

Barnehagen er godkjent frå 0-6 år.

Arealutnytting som gjeld for heildagsbarnehage:

Barn over 3 år: 4 m² per barn i leike- og opphaldsareal.

Barn under 3 år: 8 m² per barn i leike- og opphaldsareal.

Uteområde: Seks gonger leike- og opphaldsarealet inne.

Krava vert å sjå på som minimumskrav.

Styrrar vurderer ved kvart opptak den praktiske arealutnyttinga, og maksimalgrense for tal på barn i naturavdeling. Omsynet til t.d. barn med nedsett funksjonsevne og talet på barn over og under 3 år skal vera med i ei slik vurdering.

Arealnormene får ikkje konsekvensar for eksisterande plassar som alt er godkjent.

6. OPNINGSTIDER

Barnehagen er i drift heile året, og open 5 dagar i veka.

Opningstid: normal opningstid er frå kl. 07.30 - 16.30.

Opningstidene kan endrast i samsvar med endra behov og driftsformer.

7. PLASSTILBOD

Gol barnehage er ein heildagsbarnehage, og gjev normalt plass frå 2-5 dagar.

8. SØKNAD OM PLOSS

Søknad om plass skal skrivast på fastlagt elektronisk skjema, og sendast Gol kommune.

9. OPPTAK.

Opptaket er eit administrativt ansvar lagt til rådmannen.

Vedtaksmynde er ved administrativ delegasjon lagt til styrar for barnehagen.

Søknad til hovudopptak vert sendt elektronisk til Gol kommune etter kunngjøring i lokalpressa.

Barn som fyller eit år seinast innan utgangen av august det året det blir søkt om barnehageplass, har rett til å få plass frå august når søknaden er levert innan frist for hovudopptak.

Styraren i barnehagen godkjenner opptaket etter innstilling gjort i samarbeid med dagleg leiar ved kvart barnehagehus. Pedagogisk-psykologisk rettleiingsteneste, helsesyster og representant for barneverntenesta og / eller sosialtenesta skal takast med på råd ved opptaket.

Ved oppstart må søkjaren normalt vere busett i Gol kommune.

Opptakskrinsen er Gol kommune, men der søkjarane står likt kan butilhørighet bli vektlagt.

Alle barn beheld plass i barnehagen til skriftleg oppseiing. Dersom ein ynskjer å endre tilbod må det søkjast på vanleg måte.

Ved opptak vert følgjande prioritert:

1. Barn med nedsett funksjonsemne og /eller barn det er fatta vedtak om etter lov om barneverntenester, jf. Lov om barnehagar §13. Må dokumenterast.
2. Barn med andre spesielle behov (språkvanskar, atferdsvanskar m.m.) eller heimar med sjukdom, nedsett funksjonsemne m.m.. Må dokumenterast skriftleg frå fagperson.
3. Barn som det blir søkt endra plass for, og barn som har søsken i barnehagen frå før.
4. Minoritetsspråklege.
5. Barn til einslege forsørgjarar; totalsituasjonen må vurderast.
6. Barn det søkjast plass for dei to siste åra før skulestart, generelt vil eldre barn prioriterast før yngre barn når dei elles står likt.

Tilnærma lik fordeling på alder, og anna omsyn til samansetting av barnegruppa i den enkelte barnehage vert tatt omsyn til så langt det er mogeleg.

10. KLAGE PÅ OPPTAK.

Det er høve til å klage på opptaket innan tre veker frå den tid foreldra er gjort kjend med vedtaket. Kommunens klagenemnd er klageorgan jf. forskrift. Viser elles til forskrift om saksbehandlingsregler for opptak i barnehage.

11. FORELDREBETALING.

Kommunestyret fastset satsar for foreldrebetaling innafor reglar som vert fastsett av Stortinget.

Nedsetjing av foreldrebetaling og friplassar skal avgjerast av rådmannen etter søknad, og innan fastlagt budsjetttramme. Rådmannen sitt mynde er ved administrativ delegasjon lagt til sosialleiar. Søknaden skal skrivast på særskilt skjema, helst i samband med hovudopptak og sendast sosialavdelinga.

Det er 11 månaders foreldrebetaling, fri betaling i juli som kompensasjon for 4 veker ferie. Reduksjon i betalinga i halve eller heile månader gis ved samanhengjande fråvær grunna sjukdom. Legeattest må leggjast ved.

Ved for sein henting i barnehagen, må det betalast eit gebyr for kvar påbegynte halvtime.

Ved 2.gong for sein henting av barnet blir det munnleg varsel og skriftleg varsel ved 3.gong. Gebyr blir i verksett deretter. Satsane blir justerte i takt med betalingsattsane.

12. SØSKENMODERASJON.

I barnehagane blir det gjeve 30 % søskenmoderasjon for 2. barn og 50 % søskenmoderasjon for 3. barn eller fleire. Dette gjeld òg foreldre som har barn i den private familiebarnehagen.

13. BETALINGSMÅTE.

I barnehagen er det fast betaling kvar måned., bortsett frå juli.

Betaling skjer med bankgiro innan 15. i kvar måned. Oppstart mellom 1.- 15. i mnd. er full betaling. Oppstart f.o.m. 16.-31. er halv betaling.

Dersom det utstår meir av foreldrebetalinga enn for 2 mnd., blir det sendt varsel frå kommunen om oppseiing av plassen.

14. OPPSEIING.

Opptaksperioden er frå skulestart og til skuleslutt det året ein sluttar i barnehagen. Føresette må betale for heile barnehageåret (til og med 15. august).

Oppseiing av barnehageplass skal gjelde frå den 1. eller 15. i månaden. Oppseiinga skal vera skriftleg, og sendast styraren i barnehagen. Oppseiingstida er på ein måned.

Ved hovudopptak på våren er det 3 månaders oppseiingstid. Det vil seie at ein må si opp innan 15. mai dersom ein ikkje tek i mot plassen frå 15. august. Dette gjelder kunn hovudopptaket for å unngå at foreldre held av ein plass dei ikkje skal nytte. Det gjeld ikkje endring av dagar.

15. FERIE.

Barna må ta ut 4 veker ferie i løpet av året.

Barnehagen gjev eit tilbod til barn og føresette heile sommaren.

Kvart barn skal ta 3 veker samanhengande ferie mellom 20. juni (skuleslutt) og 15. august.

Melding om sommarferie skal meldast barnehagen skriftleg innan 1. april.

I sommarferien vil normalt eit eller to av barnehagehusa vere opne, avhengig av tal på barn.

Normalt er det avdelingane i sentrum som er opne.

Dei barna som ikkje har ferie, får tilbod om plass der det er opent. Foreldra får melding om samanslåing seinast 1. juni. Personalet skal ordne ferieavviklinga slik at det til kvar tid er personell til stades til forsvarleg drift.

Barnehagane har stengt i dagane mellom jul og nyttår og mellom palmesundag og skjærtorsdag i påskeveka i tillegg til julaftan og nyttårsaftan. Dei tilsette tar ferie eller arbeidar inn desse dagane elles i året.

16. PLANLEGGINGSDAGAR.

Barnehagen skal i løpet av eit barnehageår ha fem planleggingsdagar. Barnehagen heldt stengt desse dagane.

Plassering av planleggingsdagane blir fastsett av personalet, foreldre og samarbeidsutvalet for barnehagen. Ved usemje blir plasseringa avgjort av Utval for kultur og levekår.

17. TILSETJINGAR.

Ved personalskifte i løpet av eit barnehageår, bør den som tek over stillinga, ta til minst ei veke før vedkommande som har stillinga sluttar.

Med personalskifte er meint foreldrepermisjon, andre lengre permisjonar og når nokon av personalet sluttar. Styrar vurderer behovet i kvart tilfelle.

18. POLITIATTEST

Dei som skal arbeide eller ha praksis i samband med utdanning i barnehage må leggje fram tilfredstillande politiattest jf. § 19 i barnehagelova. Attesten skal vise om vedkommande er sikta, tiltalt eller dømt for seksuelle overgrep mot barn.

19. TEIEPLIKT.

Personalet i barnehagen har teieplikt i alle tilhøve vedkommande barna og deira heimemiljø. Jf. Lov om barnehagar §20.

20. OPPLYSNINGSPLIKT

Barnehagepersonalet har opplysningsplikt til sosialtenesta og barneverntenesta jf. §§ 21 og 22 i Lov om barnehagar.

21. HELSEKONTROLL AV BARN OG PERSONALET

Helsetilsyn skjer i samsvar med § 23 i Lov om barnehagar.

Det skal leggst fram erklæring om barnet si helse før det begynner i barnehagen.

Foreldra skal seie frå til personalet i barnehagen dersom barnet/barna har fått ein smittsam sjukdom.

Ved mistanke om hovudlus skal personalet kontakte helsestasjonen.

22. INTERNKONTROLL OG TILSYN.

Barnehagen følgjer lover og føresegner for helse, miljø og sikkerheit med eigne dokumentasjonsrutinar.

Kommunen førar tilsyn med kvart barnehagehus jf. Lov om barnehagar.

23. FRAMMØTE / FRÅVÆR.

Barna skal ha følgje til og frå barnehagen, og det skal gjevast melding til personalet om at dei er komne/blir henta. Ved avvik frå normalt frammøte/fråvær skal barnehagen ha melding på førehand.

Dersom andre enn den/dei som har dagleg omsorg for barnet hentar det i barnehagen, skal det på førehand gjevast melding til barnehagen om dette.

24. ENDRING AV VEDTEKTENE.

Vedtektene for dei kommunale barnehagane kan berre endrast etter vedtak i Gol kommunestyre etter framlegg frå Utval for kultur og levekår.